



Grøntprodusentenes
Samarbeidsråd

Den norske eplesesongen er her!

Den norske eplesesongen er no i gang i alle regionar, og du kan få kjøpt norske eple i butikkar over heile landet.

Fyrst ute av dei "5 store" er Discovery. Eit saftig og populært eple som mange ventar på kvart år på grunn av den gode smaken.

Summerred er også rett rundt hjørna og er eit syrlegare eple for dei som set pris på ein friskare smak. Klassikaren Raud Gravenstein, med den perfekte kombinasjonen av sødme og syre, kjenner dei fleste godt, og den kjem omtrent samtidig med Summerred.

Den mest vanlege eplesorten her i Norge, Raud Aroma, kjem litt ut i september, før Rubinstep avsluttar sesongen for dei 5 store. Rubinstep har blitt ein skikkeleg vinterfavoritt! Innimellom dei 5 store kan du vere så heldig å få tak i gamle klassikarar som Prins, Åkerø og Elstar, eller nykommarar som Asfari, Eden og Fryd.

Den norske eplehausten har noko for alle. Nyt sesongen, og smak deg gjennom mangfaldet!

Sesongens 4. fruktprognose, per 1. september er klar, og Fruktlagerinspektøren i GPS, Harald Blaaflat Mundal, melder om at epleprognosen er uendra på 9 000 tonn.

Heile prognosen finn du på nettsidene våre www.grontprodusentene.no.

